



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 9235.20.84206

14.05.07

Hei alle saman!

Her er informasjon om dei siste aktivitetane i vår samt felles fisketur til hausten.

Møte med Odd Ivar Knutsen.

Årets siste medlemsmøte vert arrangert i Kromaten kantine på Gløshaugen den 24 mai kl 1900. Då vil leiar av fiskeutvalet i Stjørdal jeger og fiskeforening, Odd Ivar Knutsen fortelje og vise lysbilete frå fisket i Stjørdalselva. Vi håper at dette kan vere inspirerende før sesongstarten for laksefisket, og i tillegg gi dei som er interessert i fisket i Stjørdalselva informasjon om fiskeplassar der.

Det er fri parkering i området etter 1600. Dørene er i utgangspunktet låste, men vi vil sørge for at folk slepp inn mellom 1845 og 1900. Etter det må de ringe underteikna på 93205501 for å kome inn.

Flugebinding

Siste kveld med flugebinding vert 15.5 kl 2030. Møt opp ved SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11. Vi slepp inn folk mellom 2020 og 2030, etter det må de ringe nummeret som er slått opp på døra.

Speykasting med lange liner

Bjørner Christensen har ledig plass på kurs i Speykasting med lange liner laurdag 19.5. Medlemmar av Trondheim Sportsfiskere får rabatt på kursprisen, ta kontakt med Bjørner direkte på telefon 91750069 eller www.speycaster.no dersom de er interesserte.

Fisketur etter stor sjøaure i Vefsna og Røssåga.

Foreninga vil i september arrangere ein fisketur til Vefsna og Røssåga i Nordland der målet er å fange den verkeleg store sjøauren. Reiseleiar og guide på turen blir Stener Skogmo som er lommekjend i området og som dermed kan finne fram til dei verkeleg lure fiskeplassane. Vi planlegg avreise torsdag 6/9 og retur søndag 9/9. Overnatting i hytter ved elvene, detaljar om dette kjem sidan. Her er sjansen til å få den heilt store sjøauren om natta i det som kanskje er Norges beste sjøaureområde.

Ta kontakt direkte med Stener (stener@auan.no) eller via telefon for nærare opplysningar og påmelding. For å kunne planlegge turen endeleg håper vi at interesserte kontaktar Stener før 1. Juli.

Dei aller fleste har forhåpentligvis fått medlemsgiroen i posten. Om nokon manglar giro ta kontakt med underteikna.

Minner og om at styret gjerne tar imot tips til aktivitetar og idear til foredrag eller tema for medlemsmøta.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tlf. : 93205501

E-post. : knut.alfredsen@ntnu.no

